



Forslag til høyring – Forskrift om skulefritidsordning i Høyanger kommune

Innhold

Heimel	2
§ 1 Formål og verkeområde	2
§ 2 Eigartilhøve	2
§ 3 Medverknad	2
§ 4 Leiing, styring og ansvar.....	2
§ 5 Tilsette.....	3
§ 6 Samarbeid, samordning og kunne gi opplysningar	3
§ 7 Leksehjelp.....	3
§ 8 Leike –og oppholdsareal	4
§ 9 Opptak.....	4
§ 10 Barn med særskilde behov.....	5
§ 11 Opningstider.....	5
§ 12 Plass tilbod.....	5
§ 13 Oppseiing	5
§ 14 Ferietilbod	6
§ 15 Foreldrebetaling	6
§ 16 Skyss og tilsyn i ventetid	7
§ 17 Iverksetjing	7

Heimel

Fastsett av kommunestyret i Høyanger 24. oktober 2024, med heimel lov 9.juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova § 4-5).

§ 1 Formål og verkeområde

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for elevar på 1.-4. trinn, og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn (jf. opplæringslova § 4-5).

Kommunen skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

§ 2 Eigartilhøve

Høyanger kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane i kommunen.

§ 3 Medverknad

- a. Barn som har tilbod om SFO-plass har rett til å uttrykke si mening og bidra til innhaldet i sin eigen SFO-kvardag, jf. Barnekonvensjonen artikkel 12.
- b. Skulen sitt foreldreutval kan kome med innspel til årsplan for SFO. Foreldre skal ha innsyn i årsplan.
- c. Samarbeid- og skulemiljøutval (SU/SMU) ved skulen er rådsorgan for SFO.

§ 4 Leiing, styring og ansvar

Skulefritidsordningane er administrativt underlagt tenesteområde oppvekst. Rektor har det overordna ansvaret for skulefritidsordninga ved den enkelte skule. Dagleg leiing kan delegerast til avdelingsleiar/baseansvarleg.

§ 5 Tilsette

Det skal ikkje vere fleire barn per vaksen enn det ein finn forsvarleg. Bemanninga skal i praksis vere forsvarleg i høve risikoen for at skade eller ulykke kan skje (jf. forskrift til opplæringslova § 12-1).

Til vanleg skal det ikkje vere meir enn 15 barn pr. tilsett. Frå 16 barn vert det utløyst ressursar tilsvarende 6,7 % per barn. I høve bemanning for barn med spesielle behov drøftast dette individuelt i kvar einskild sak.

Personalet i skulefritidsordninga skal delta i planlegging av skule- og SFO-året. Dei skal følgje kurs som skuleleiinga meiner er tiltak for å heve kvaliteten i arbeidet og SFO-tilbodet. Personalet skal ha fem planleggingsdagar i skuleåret, og dagane er lagt til skulefrie dagar. På desse planleggingsdagane er SFO-tilbodet stengt for elevane.

- a. Alle som arbeider i skulefritidsordningane har teieplikt etter reglane i forvaltningslova, §§ 13 til 13 f.
- b. Den som vert tilsett må legge fram politiattest (jf. opplæringslova § 17-11).
- c. Tilsette har meldeplikt til barnevernet (jf. opplæringslova § 24-3).

§ 6 Samarbeid, samordning og kunne gi opplysningar

- a. Tilsette i skulefritidsordningane skal samarbeide med andre tenesteytarar, dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet eit heilsakleg og samordna tenestetilbod (jf. opplæringslova § 24-1).
- b. Tilsette i skulefritidsordningane skal, av eige tiltak, gi sosialtenesta eller helse –og omsorgstenesta relevante opplysningar ein ikkje har plikt til å teie om. Dette gjeld om ein blir merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse –og omsorgstenesta (jf. opplæringslova § 24-2).

§ 7 Leksehjelp

Kommunen skal ha eit tilbod om gratis leksehjelp til elevar i grunnskulen. Det totale timetalet som skal fordelast på 1.-10. trinn, er åtte timer per veke. Timetalet skal kome i tillegg til skuletida.

Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal også medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skulearbeidet.

Kommunen pliktar å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Kommunen avgjer korleis leksehjelpa bør organiserast innanfor rammene av opplæringslova.

Kommunen kan organisere leksehjelpa innanfor skulefritidsordninga si opningstid.

Leksehjelpa skal vere gratis. For elevar som har eit SFO-tilbod, skal leksehjelpa trekkast frå foreldrebetalinga.

(jf. opplæringslova § 4-4, forskrift til opplæringslova kap. 1A).

Retten til skuleskyss fell vekk i dersom eleven deltek i tilbod om leksehjelp, då leksehjelpa ikkje er ein del av opplæringa etter læreplanverket (rundskriv udir-6-2010).

§ 8 Leike –og oppholdsareal

Leike –og oppholdsareal skal vere godkjende etter dei faglege normene som gjeld, jf. forskrift om miljøretta helsevern § 15, og stette krava i opplæringslova kap. 12.

§ 9 Opptak

Opptaksmynde ligg hos kommunalsjef for oppvekst i Høyanger kommune, delegert til rektor på kvar skule.

Eitt år i skulefritidsordninga samsvarer med skuleåret sin start og slutt, 01.08. – 31.07.

Det er eitt hovudopptak i året. Søknadsfrist er 15. mars, men det er høve til å søke om plass i SFO gjennom heile året.

Barn som har plass i skulefritidsordninga treng ikkje søkje på nytt. Plassen vert avslutta ved utgangen av 4. trinn.

Foreldre leverer digital søknad i eigen foreldreportal. Pålogging via kommunen si heimeside.

Dersom barnet/eleven bytter skule, skal det søkjast om plass ved SFO til den nye skulen.

Det kan klagast på vedtak jf. Forvaltningslova §§28 og 29. Klagefrist er 3 veker. Formannskapet er klageorgan.

§ 10 Barn med særskilde behov

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn med særskilde behov på 1. - 7. trinn. Omgrepet barn med særskilde behov vert definert som barn med store og omfattande hjelpebehov, det vil seie varig funksjonsnedsetting som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand. Barn med særskilde behov i 5. - 7. beheld plassen sin til utgangen av 7. trinn.

§ 11 Opningstider

- Skulefritidsordninga følgjer skuleåret og er open alle yrkedagar.
- I desember held SFO ope frå siste skuledag til og med 23. desember.
- SFO held stengt dagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag, og 4 veker i juli (heile veker).
- Dagleg opningstid er frå kl 06.30 til kl 16.15. Det er høve til lokale tilpassingar hos kvar skule.

§ 12 Plassstilbod

- Heil plass
- 14 timer per veke
- 8 timer per veke

Endring av plass gjerast ved å søkje på nytt. Det er ikkje naudsynt å seie opp den plassen de allereie har. Endringsvedtaket gjeld frå førstkomande 1. eller 15. etter ny søknad.

§ 13 Oppseiing

- a. Barn med plass i skulefritidsordninga, skal betalast for ut skuleåret.
- b. Oppseiingstid er ein månad. Oppseiinga skal gjerast elektronisk, innan den 1. eller 15. i månaden. Oppseiing av plass i SFO med verknad frå 1. juni og seinare i skuleåret (oppseiing frå 1. mai og seinare), kan ikkje godkjennast, med unntak av oppseiing som følge av flytting.

Stadfesting på oppseiing blir sendt elektronisk.

§ 14 Ferietilbod

SFO heldt stengt (sommarstenging) 4 veker i juli (heile veker). Vi kan tilby ekstra ferietilbod frå siste skuledag og til sommarstenging. Dersom det er behov, kan slikt tilbod også organiserast etter sommarstenging til skulestart i august. Vi kan også tilby ferietilbod i haust- og vinterferie.

- Skulen sender ut tilbod i app som føresette må svare på.
- Påmeldingsfrist vert bestemt hos kvar einskild skule.
- Føresetnader for ferietilboden:
 - Høyanger skule: brukatal må vere minimum 5.
 - Dei andre skulane: Lokale tilpassingar saman med barnehagane.
- Betaling for ferietilbod kjem i tillegg til den vanlege månadspisen. Gratis kjernetid gjeld òg for ferietilbod.

§ 15 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetaling kvart år.

Det er 11 månader med foreldrebetaling. (betalingsfri i juli). Foreldrebetalinga dekker tilbod i 10 månadar. Dersom foreldra tingar skulefritidsordning heile dagar i skuleferiane, må dei betale ekstra for det.

Det vert gitt søskenmoderasjon i SFO:

- 25 % for barn nr 2
- 40 % for barn nr. 3 og 50 % for barn nr. 4.
- Det vert gitt søskenmoderasjon mellom SFO og barnehage, og foreldre må melde frå til skulen om dei har barn i barnehage.

Kommunen har ordning med gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling, i tråd med nasjonale forskrifter. Dei som kjem inn under ordninga gratis kjernetid, får reduksjon i foreldrebetaling uavhengig av plass type.

Informasjon om kva trinn som fell inn under ordninga, fint på Høyanger kommune si heimeside.

Husstandar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Dette vert gjort elektronisk via Høyanger kommune si heimeside.

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Føresette får melding om oppseiing med frist på ein månad. Uteståande foreldrebetaling kan verte lagt til grunn som avslag på plass ved seinare opptak.

§ 16 Skyss og tilsyn i ventetid

SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid. Skyss til og frå SFO er difor foreldra sitt ansvar, anna enn i tilfelle der eleven av særskilde grunnar har slik rett. Denne retten gjeld berre når det er skuledagar.

Som hovudregel vert ikkje elevar som i utgangspunktet har skyssrett, og som er tekne inn i SFO, tildelt busskort. Skulle det oppstå endringar i løpet av året slik at det vert behov for busskort, skal dette meldast skriftleg til skulen. Eleven vil då få utferda busskort i samsvar med innmelde behov.

Elevar som får skyss til og frå skulen eller skulefritidsordninga (særskilde grunnar), har rett til tilsyn i ventetida før og etter opplæringa eller skulefritidsordninga dersom dei treng det (jf. opplæringslova § 4-2). Høyanger kommune nyttar skulefritidsordninga for tilsyn i ventetida.

§ 17 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. november 2024.